

STYRESAK

GÅR TIL: Styremedlemmer
FØRETAK: Helse Førde HF

DATO: 29.11.2022
SAKSHANDSAMAR: Ole Gunnar Krakhellen
SAKA GJELD: **Vurdering av administrerende direktør og regulering av løn**

ARKIVSAK: 2022/94

STYRET:
Styret i Helse Førde HF

MØTEDATO:
16.12.2022

STYRESAK:
083/2022

FORSLAG TIL VEDTAK

Administrerende direktør si løn blir regulert med x,x %, med verknad frå 01.01.2022.

Oppsummering

Etter Helseføretakslova § 29 skal styret føre tilsyn med administrerende direktør. Del av denne oppgåva vil vere å evaluere det arbeidet som administrerende direktør gjer og hans utøving av rolla som dagleg leiar for helseføretaket. Det høyrer til styret å fastsetje løn til administrerende direktør, jf. Helseføretakslova § 36.

Fakta

Dokumenta styreinstruks og instruks for administrerende direktør var vedlegg til styresak 060/2022 «Årleg gjennomgang av styrande dokument for styret i Helse Førde HF», som var handsama 27.10.2022.

Mal for styret si eignevaluering og vurdering av administrerende direktør blei vedteke i styremøte Helse Vest RHF 22.06.2011, jf. sak 079/11 B.

Skjema for styret si eignevaluering og vurdering av administrerende direktør blir utfylt elektronisk av alle styremedlemmer i Helse Førde HF i forkant av styremøte 16.12.2022. Oppsummeringa blir utsendt/utdelt til styremøte 16.12.2022.

Administrerende direktør begynte i stillinga 30.01.2018. Styret fastset årleg lønnsregulering for administrerende direktør i møte siste kvartal, med verknad frå 1. januar same år. Dette er i tråd med praksis i helseføretaka i Helse Vest RHF.

Kommentarar

Sjølv om saksførelegget i saka ikkje er unntatt offentlegheit, så rår styreleiar til at saka blir handsama i lukka møte. Ein viser til Helseføretakslova § 26 a, 2. ledd, nr. 1 som mellom anna har til føremål å gi mogelegheit for fortruleg diskusjon i saker der det er reelt og sakleg behov for det.

Vedlegg:

1. Styreinstruks for Helse Førde HF, revidert 05.09.2018
2. Instruks for administrerende direktør i Helse Førde HF, revidert 02.09.2020